



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 16/1479-2

## **Handlingsprogram for regional plan for Nordfjella**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Handlingsprogram 2015-2018 - Regional plan for Nordfjella, datert 20.01.15, vert vedtatt slik den ligg føre.
2. Nordfjellarådet vert etablert så snart det let seg gjere og i samsvar med omtale av tiltak 1 i handlingsprogrammet.
3. Som Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt medlem i Nordfjellarådet, vert oppnemnt ..... , og som varamedlem vert oppnemnt ..... .
4. Buskerud fylkeskommune fungerer som sekretariat for Nordfjellarådet til anna vert vedteke. Årleg kostnader til sekretariatet vert delt mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Buskerud.
5. Midlar som står att frå planprosjektet vert disponert gjennom handlingsprogrammet.
6. Handlingsprogrammet vert rullert årleg, første gang i 2016.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

**Vedlegg:**

- Handlingsprogram, dagsett 20.01.15

**Andre dokument som ikkje ligg ved:**

- Regional plan for Nordfjella 2014-2025
- Brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, datert 18.08.2014

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1 Bakgrunn for saka**

Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har utarbeidd Regional plan for Nordfjella. Planen vart slutthandsama i fylkestinga i juni 2014. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har meldt (i brev datert 18.08.2014) at dei tek planen til orientering.

I Plan og bygningslovas § 8-1 er mellom anna følgjande sagt:

*Til regional plan skal det utarbeides et handlingsprogram for gjennomføring av planen.  
Handlingsprogrammet skal vedtas av regional planmyndighet og rulleres årlig.*

I samsvar med dette vert framlegg til handlingsprogram lagt fram for dei tre fylkestinga. Hordaland og Buskerud fylkesting har gjort tilsvarande vedtak om handlingsprogram,

høvesvis 10.03.2015 og 30.04.2015.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kap. 7 i Regional plan for Nordfjella skisserer ei rekke oppfølgingstiltak.

Handlingsprogrammet konkretiserer desse. Det er 9 tiltak i handlingsprogrammet:

1. Nordfjellarådet
2. Oppfølging av fokusområder
3. Kommunale planoppgåver
4. Friluftsliv og villrein
5. Kvammadalen
6. Veger og villrein
7. Villreinfokus i vilkårsrevisjonar
8. Dialog med forsvaret om lågtflyging
9. Vidare oppfølging av regional plan for Nordfjella

Kwart prosjekt/tiltak er nærmere omtalt i Handlingsprogrammet. Aktørar, ansvar, tidsplan og finansiering er omtalt for kvart tiltak.

Nokre merknader:

- Det stod att 679.000 kroner, etter avslutta planprosjekt. Det vert gjort framlegg om at handlingsprogrammet disponerer desse, til finansiering av tiltak/prosjekt.
- Det vert dessutan lagt opp til å søkje ekstern finansiering, til nokre tiltak/prosjekt.
- Planprogrammet viser kva instansar som skal ha tiltak-/prosjektansvar og kva instansar som bør delta i ulike tiltaks-/prosjektgrupper. Dersom partane finn betre løysingar har dei høve til å gjere tilpassingar.
- Samarbeid og ansvarsdeling mellom alle partar er ein føresetnad for gjennomføring av handlingsprogrammet. Deltaking frå dei ulike aktørane, i form av møter o.l., vert rekna som eigeninnsats, som aktørane sjølve lyt dekkje.

Det å etablere Nordfjellarådet er eit viktig grep. Rådet skal vere ein arena for å følgje opp og rullere handlingsprogrammet, og dessutan vere ein arena der kommunane, fylkes-kommunane, fylkesmennene, villreinnemnda og villreinutvalet kan drøfte aktuelle spørsmål knytt til fjellområdet.

Det er gjort framlegg om ei samansetjing av Nordfjellarådet som svarar til styringsgruppa for det regionale planarbeidet, men i tillegg supplert med villreinutvalet. Det betyr at kvar fylkeskommunen nemner opp ein fylkespolitikar som medlem, og ein som varamedlem.

Det er trond for eit sekretariat for rådet for å koordinere og følgje opp handlings-programmet. Vi reknar med at det svarar til ein stillingsressurs på om lag 10 %, og ei årleg kostnads-ramme på om lag 90.000 kr. Det vert gjort framlegg om at sekretariat vert lagt til Buskerud fylkeskommune, inntil vidare. Ein føresetnad er då at Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar yter 30.000 kr. kvar i (sekretariats-) bidrag til Buskerud fylkeskommune.

Tidspunkt for rulling av Regional plan for Nordfjella må fylkesrådmennene kome tilbake til dei regionale planstrategiane. Rulling av planen ligg ikkje inne i kostnadsramma til sekretariatet.

Det er ikkje lagt opp til å yte økonomiske tilskot frå fylkeskommunane utover «spleislag» på sekretariatet. Eventuelle ytterlegare prosjekttilstokt må avklarast i komande budsjett, som del av rulling av handlingsprogrammet og ordinær budsjettthandsaming. Dei midlane som står att frå planprosjektet (679.000 kroner), vil i fyrste omgang vere dei tre

fylkeskommunane sitt felles økonomiske bidrag til iverksetjing av handlingsprogrammet.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at Handlingsprogram 2015-2016 - Regional plan for Nordfjella, datert 20.01.2015, vert vedteke slik det ligg føre.

Det er lagt opp til at handlingsprogrammet vert rullert årleg, første gang i 2016.

Fylkesrådmannen meiner at vi i drøftingar med dei andre fylka bør søkje å få til ei rulling av handlingsprogrammet annan kvart år.

Fylkesrådmannen kjem ikkje til å rá til at planen vert revidert i komande planstrategi.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)